



PROVOSERANDE: Politimester John Reidar Nilsen tek sjølvkritikk på vegne av distriktet, det er ikkje dét. Men han prøver også at han gjer det, og det provoserer meg at han gjer det i eit samfunn der det kanskje held vatn, skriv kronikkforfattaren. Foto: Rune N

Når ord vert tomme

Politimester John Reidar Nilsens svar til kritikken er overflatisk, pretensiøs og ut over alle støvelskraft skammeleg.

CHRISTIAN MOLTU**Fagsjef og psykologspesialist, Ph.D ved Psykiatrisk Klinikk, Helse Førde****Publisert 14.mar. 2015 08:35 Oppdatert 15.mar. 2015 23:21****Konstituert**

politimester i
Hordaland, John
Reidar Nilsen, har
levert [høyringsuttale](#)
på kritikken som
politisdistriktet fekk i
Monika-saka. Han tek
sjølvkritikk på vegne
av distriktet, det er
ikkje dét. Han er ikkje
dum på den måten.
Men han prøver også
å vere smart og gjere
seg fin. Det
provoserer meg at
han gjer det, og det
provoserer meg at
han gjer det i eit
samfunn der det
kanskje held vatn. Og
det provoserer meg noko heilt utåleleg at han gjer
det med ein kvalitet og eit presisjonsnivå einkvar
bachelorstudent kunne gjort betre.

Dette er måten han vil gjere bot på. Dette er
måten han vil gjere galt til rett i framtida. Dette er
måten Monika sin død skal få eit lite snev av

ANNONSE

Bergens Tidende

Ny eavis i dag

Utgaven finnes kun i digital form,
og er bare for deg som abонnerer.

meining. Dette er kvaliteten han klarte å stable på beina då han etter alle solemerker burde forstå at ne, ne er det i alle fall alvor.

Eg tek ikkje alle detaljane, men her er nokre av dei. Sitat og tilvisingar er henta frå BT, som har trykka heile svaret frå politimeisteren 9.3. Han opnar med å seie at han stort sett er samd i all kritikken, men at han også vil gå lenger enn det: Han vil peike på korleis dei skal lære, og set dette sitatet av Eugene S. Wilson som opningssitat på framsida:

«Only the curios (sic) will learn and only the resolute overcome the obstacles to learning. The quest quotient has always excited me more than the intelligence quotient.«

Å setje eit engelsk sitat på førstesida i ein norsk høyringsuttale er sterkt pretensiøst. Det er knappast grei tone i bachelor- og masteroppgåver. Når eit barn er drepe er det ut over alle støvelskift skammeleg. Å smykka seg med sitat frå ein rekrutteringsteoretikar for å gi ein tekst eit intelligent preg, og dermed gi seg sjølv autoritet, er stusseleg.



- DET ER GJORT FEIL: Her kan du se konstituert politimester John Reidar Nilsen sin pressekonferanse i forbindelse med Spesialenhetens etterforskning av Monikasaken. VIDEO: SILJE STENKLØV

Politimesteren skriv så i ein innleiande konklusjon at:

«Det viktigste læringspunktet i Monika-saken er at politidistriktet må bygge en læringskultur der «åpenhet», «mot», «verdimangfold», «respekt», «engasjement» og et konstruktivt konfliktnivå uten emosjonelle overtoner blir grunnleggende begreper for våre erfaringer.«

Eg er frå tid til anna ein såkalla reviewar for ulike tidsskrift, der jobben er å vurdere andre sine tekstar før eventuell publikasjon. Difor blir eg ikkje så imponert over slike setningar som denne. Det kan ved første augekast synast som dei seier noko viktig eller klokt, men det kjem berre av at dei er oppstyltra og distanserte.

Kva betyr eigentleg «et konstruktivt konfliktnivå uten emosjonelle overtoner»? Konflikt utan

kjensler finnast vel berre i byråkraten sine våte draumar. Og kjensler er vel ikkje farlege for det å vere open, det er det maktarroganse som er. Vidare, kven er dette «politidistriktet» som skal «bygge en læringskultur der (...) konstruktivt konfliktnivå uten emosjonelle overtoner blir grunnleggende begrep for våre erfaringer»? Når eit born vert drepe, og deretter skulda for det sjølv, og når du vert oppdaga i dette, så kan du koste på retorikken din eit «eg», eller eit «vi», eller eit «politileiaren». Ikkje «distriktet».

Det er trist å sjå at «åpenhet» er ein verdi her, medan politimeisteren i same dokument ikkje finn grunn til å offentleggjere innspela frå etterforskargruppa i sin heilskap, og heller ikkje finn grunn til å gi argument for kvifor. Det er også skuffande at «respekt» er eit mål, når politimeisteren rævkøyrer lesaren med ord, som om han ikkje forstår at ord betyr alt, no i denne samanhengen.

Om ein ikkje kjenner ansvar, klarer ein heller ikkje å skrive ansvarleg.

Han kunne ha skrive: «Frå Monika-saka må vi lære at vi skal utvikle oss gjennom å vere opne og respektfulle, tolke ulike syn og vere engasjerte og uredde for usemje». Denne setninga har subjekt som er ansvarleg for det som må skje. Det er ikkje

tilfeldig at politimeisteren ikkje skriv på denne måten. Om ein ikkje kjenner ansvar, klarer ein heller ikkje å skrive ansvarleg. Høyringsuttalen er stappfull av i realiteten subjekttomme konstruksjonar.

Men dette er ikkje det verste. Det er berre eit uttrykk for det distanserte kvasi-innsiktsfulle byråkratispråket, gjennomsyra av 15-studiepoengskurs i «verdibasert leiing» og anna BI-knask som ikkje lærer leiarspirane anna enn at om noko vert vanskeleg, så finnast det ord og omgrep du kan bruke til å distansere deg med. Samtidig vil rekrutteringsbyrå merke seg namnet ditt for seinare kundar.

Du finn att det same når Nav, kommunar og barnevern skal svare på kvifor dei har svikta nokon. Det er eit skammeleg uttrykk for tida vi lev i. Kommunikasjonsbyrå tener på å lære folk å bruke ord utan å seie noko med dei. Vi har blitt så vane med at ord vert brukt som om dei ikkje betyr noko, at vi ikkje protesterer lenger.

Eg vert sint att, når politimeisteren «forsøker å forstå». Det vert ramsa opp det eine og det andre. Referansane vert oppgitte, så det er ikkje vanskeleg å sjå kvar dette kjem frå. Det er så overflatisk. Det er så grunt. Det er så skammeleg. Dette er meir av det som førte til at det hjarteskjerande sviket kunne skje i utgangspunktet.

Gruppetenking er farleg, får vi vite. Det er viktig at

etterforskningsleiar veit om at dette finnast. Er det nokon som etter vidaregåande skule ikkje veit om dette? Stadfestingsfeller er ein trussel, får vi vite. Vi sokjer å få stadfesta at vi tenkjer rett heller enn å sjå etter om vi kanskje tenkjer feil. Konformitet får vi vite om. Sosialpsykologiske funn og innsikter frå 60-talet.

Slå opp i ei kvar bok om psykologi skrive for vidaregåandeelevar, på kapittelet om sosialpsykologi. Eg vil tru omgrepa til og med vert presenterte i same rekkefølgje.

Side opp og side ned står det slik. Ingenting er feil, men alt er kvalmande sjølvsagt. Teksten ser ut som ei middels god semesteroppgåve i eit organisasjonspsykologikurs for førsteårsstudentar. Var det dette Monika si skjebne var verdt? Er dette det vi kan vente at dei lærer vidare? Kvifor leverer politimeisteren inn ein oppgåvetekst? Er dette eigentleg ein jobbsøknad?

Var det dette Monika si skjebne var verdt?

Eg vert av og til sjuk i sjela og kvalm over samtidia mi. Slik som no. Det finnast inga ære, inga vekt på kvalitet, inga stoltheit. Ingen autentiske ytringar frå folk som snakkar frå ein posisjon. Hordaland politidistrikt får vere eksempelet på dette no. Monika vart svikta for

tredje gang ved dette svaret. Men det er ikkje berre dei.

Fagforeiningane si proteksjonisme, dei medietrena leiarane, konsulentane, privatpersonar som ikkje lenger orkar å ta ansvar. Alle desse øydlar språket vårt ut og ut, utan ansvar, til ingenting som vert sagt betyr nokon ting. Og ingenting i den offentlege diskursen har ein verdi lenger.

Det å verte drepen er ikkje sterkt nok lenger. Det kan raskt snuast med ord og setjast inn i små læringsmåltabellar som skrivast opp på CVen som interne kurs fram mot neste jobb.



LIK BT MENINGER PÅ FACEBOOK

LES OGSÅ



- Nilsen er svekket som politimester



- For publikum blir noen spørsmål

5.mar. 2015

25.feb. 2015



Velkommen til debatt i Bergens Tidende. Vi setter pris på sterke meninger. I våre kommentarfelt er det høyt under taket, men vi tolererer ikke trakkassering, trusler eller hatefulle meninger. Vis respekt for andre debattanters meninger, etnisitet, religion og legning. Husk at mange leser dine ytringer her på bt.no. Tenk derfor nøyde gjennom hvordan du ønsker å fremstå. Du må skrive under fullt navn.

Vennlig hilsen Øyulf Hjertenes, sjefredaktør.

19 KOMMENTARER

ANNONSE

BESTILL SOMMERFERIEN NÅ

Bestill her! ➤

Spar inntil **2 000,-** pr person

Solia
Tid for ferie

SISTE FRA KRONIKK



**Det grøne
skiftet og
skogen sin**



**Til beste for
innbyggerne**



**I et
bønnerom på
Heathrow**



**Kappløpet
mot bunnen**

rolle

26.des. 2015



**Hva ønsker
Bergen å
være?**

25.des. 2015



**Gi plass til
guttenes
vonde
historier**

24.des. 2015



**Det går ikkje
over**

24.des. 2015



En hul seier

23.des. 2015

20.des. 2015

19.des. 2015

18.des. 2015

KONTAKTINFORMASJON

TIPS OSS

RSS

KUNDESIDER

Ansvarlig redaktør:

Øyulf Hjertenes

Reportasjesjef:

Helge O. Svela

Vakthavende:

nyhetsweb@bt.no

Adresse:

Krinkelkroken 1,

Postboks 7240

SMS / MMS: 2211

Tipstelefond: 02211

Epost: 2211@bt.no

**Send oss bilder og
video:** 2211.no

Bergens Tidende

arbeider etter Vær

Varsom-plakatens

regler for god

presseskikk.

Nyheter

Lokalt

Utenriks

Bergenpuls

Bli abonnent

Min side

Kundeportal

BT Fordel

Annonsering

Personvernpolicy



© Bergens Tidende

5020 Bergen